

0 HOVUDRESULTAT -SAMANDRAG

2017 har vore eit aktivt år der sentrale ambisjonar for Regionalt forskingsfond Vestlandet vart møtt.

Prosjektstøtte som har medverka til omstilling på Vestlandet

RFF Vestlandet har arbeidd med å bidra til omstilling frå eit sterkt petroleumsprega næringsliv med vanskar. Både fylkestinga si bestilling og fondsstyret sin handlingsplan for 2017 har vore prega av ei satsing innan dette feltet. Fondet fekk også i 2017 ekstra midlar frå Kunnskapsdepartementet for å medverke til omstilling innan nærings- og arbeidsliv på Vestlandet. Styret valde å vidareføre den ekstra løyvinga inn mot utlysingane av dei meir kortsiktige prosjekta med regional kvalifiseringsstøtte, slik at pengar raskt kunne komme i arbeid for innovasjon og ny verdiskaping.

I 2017 tok RFF Vestlandet imot til saman 136 søknader og tildelte kr. 47 575 000, i støtte til 46 FoU prosjekt fordelt slik: **7 regionale bedriftsprosjekt; 3 regionale offentleg prosjekt, 35 prosjekt med regional kvalifiseringsstøtte; 1 regionalt forskarprosjekt**

Styret seier seg leie for at det ikkje var tilgjengeleg midlar til å finansiere fleire av dei gode søknadene fondet tok i mot. Likevel vurderer styret det slik at fondet har nådd hovudmålet for arbeidet i 2017 ved å ta i mot og kunne finansiere eit så vidt stort tal innovasjonsforskningsprosjekt med omstillingspotensiale.

Mobilisering

Regional forskingsfond Vestlandet legg stor vekt på mobilisering av bedrifter og kommunar til å ta i bruk forskning som verktøy i sitt innovasjonsarbeide. Fondet har i 2017 vidareført og forsterka denne satsinga, og hatt eige ansvar for organiseringa av 9 søkjarkurs/prosjektverkstader med til saman 200 representantar for bedrifter, kommunar og forskingsmiljø. I tillegg har fondet vore aktiv deltakar og med arrangør på fleire små og store arrangement med til saman over 300 andre deltakarar. Satsinga har gitt resultat:

- 44 % av bedrifter med tilsegn frå RFF Vestlandet i 2017 har aldri søkt NFR (utanom Skattefunn og Forregion)
- 62 % av bedrifter med tilsegn frå RFF Vestlandet i 2017 har aldri vore involvert i eit NFR prosjekt (utanom Skattefunn og Forregion)

Formidling og synleggjering

Regionalt forskingsfond Vestlandet legg stor vekt på ein aktiv kommunikasjonsstrategi. Synleggjering og spreing av forskingsresultat er vesentleg for å motivere interesse, men også for å sette forskingsresultata ut i aktivt innovasjonsarbeide. Fondet har også i 2017 vore ein aktiv bidragsytar til viktigaste formidlingskanalen www.forskning.no. Det er vidare lagt vekt på formidling av samla prosjektkatalog med lenke til artiklar. Dessutan er det eit aktivt presseopplegg ved styret si tildeling av hovudprosjekt. Det er også gledeleg at prosjekta rapporterer om auka formidling i eiga regi. Det er i 2017 rapportert om 63 vitenskaplege publikasjonar og 117 presseoppslag.

Innhold

1	OM REGIONALT FORSKNINGSFOND VESTLANDET – BAKGRUNN, UTFORDRINGAR, MÅL OG PRIORITERINGAR	s. 3
1 a)	Nasjonale mål og retningsliner for ordninga	s. 3
1 b)	Mål og prioriteringar for Regionalt forskningsfond Vestlandet i 2017	s. 3
2	AKTIVITETAR	s. 4
2 a	Styresamansetning og styret sitt arbeid	s. 4
2 b	Vertsfylkeskommune og oppgåver i sekretariat for fondet	s. 6
2 c	Informasjonsaktivitetar/formidling	s. 7
2 d	Tiltak for å nå spesielle grupper - mobilisering til forskning	s. 7
3	UTLYSINGAR OG TILDELINGAR	s. 9
3 a	Utlysing av midlar til kvalifiseringsstøtte – vidareført satsing på å bidra til omstilling i nærings- og arbeidsliv	s. 9
3 b	Mange gode søknader om regional kvalifiseringsstøtte også i 2017	s. 9
3 c	Mottekne søknader om stønad til regionale innovasjonsprosjekt	s. 12
3 d	Støtte til regionale bedriftsprosjekt og regionale offentlege prosjekt	s. 13
3 e	Utlysing av regionalt forskarprosjekt	s. 13
3 f	Tildelingar i sum	s. 14
4	ØKONOMISK RAPPORT	s. 16
4 a	Løyvinga frå Kunnskapsdepartementet og anna finansiering	s. 16
4 b	Rekneskap 2017 og disponibelt i 2018	s. 16
5	RESULTATRAPPORTERING FRÅ PROSJEKTA	s. 19
5 a	Indikatorar med omsyn til tildeling	s. 19
5 b	Status for avslutning av prosjekt	s. 20
5 c	Resultat rapportert frå prosjekta	s. 20
5 d	Finansiering av prosjekt – eigne og andre sine midlar	s. 22
5 e	Rekruttering til andre virkemidlar;	s. 22
6	RESULTAT FRÅ OPERATIVE MÅL I HANDLINGSPLAN 2017	s. 23

OM REGIONALT FORSKNINGSFOND VESTLANDET – BAKGRUNN, UTFORDRINGAR, MÅL OG PRIORITERINGAR

1 a) Nasjonale mål og retningslinjer for ordninga

Ordninga med Regionale forskingsfond er oppretta av Stortinget. Kunnskapsdepartementet har fastsett retningslinjer som gir mål og rammer for aktiviteten i dei regionale fonda. Dokumentet er å finna her: <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/retningslinjer-regionale-forskningsfond/id593488/>

Det er oppretta sju regionale forskingsfondregionar. Hordaland, Rogaland og Sogn og Fjordane dannar fondsregion Vestlandet. Hordaland fylkeskommune er oppnemnt som vertsfylkeskommune etter ein avtale mellom dei tre fylkeskommunane.

1 b) Mål og prioriteringar for Regionalt forskingsfond Vestlandet i 2017

Fylkestinga i Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane vedtok i desember 2015 ei ny bestilling til RFF Vestlandet. Bestillinga skal gjelde frå 2016 – 2019. Dokumentet dannar hovudretninga for dei årlige prioriteringane av fondet og skal gi fondsstyret rom for å justere kursen utan å gå vegen om nye strategidokument¹ (KD 2009b:16). Desse føringane er lagt til grunn i Handlingsplanen, som har vore styret for fondet sitt viktigaste strategidokument i 2017:

- *Mål for arbeidet med RFF Vestlandet*
- RFF Vestlandet skal vere ein sentral drivar for innovasjon ved å mobilisere til og finansiere forskingsprosjekt av god kvalitet innanfor regionalt prioriterte innsatsområde:
 - Verdiskaping i næringsliv og offentleg sektor
 - Evne til innovasjon og omstilling – no og i framtida
 - Gode klima- og miljøløysingar
- *Prioriterte forskningstema i 2017*
 - RFF Vestlandet har med utgangspunkt i sentrale utfordringar og prioriterte innsatsområde for Vestlandet lyst ut forskingsmidlar innan desse tema:
 - a. Nye berekraftige løysingar som byggjer vidare på teknologi og kompetanse innan hav-energiøkonomien, her inkludert heile spekteret av maritime næringar.
 - b. Berekraftig matproduksjon og nye samanhengar innan bioøkonomi
 - c. Innovasjon i offentleg sektor – med vekt på tenesteproduksjon og samfunnsutvikling i kommunane
 - d. Smarte, berekraftige, klimavennlege og langsiktige løysingar for Vestlandet, samt korleis vi forstår drivkreftene i utviklinga av landsdelen vår.
- *Hovudfokus på brukarstyrt forskning med innovasjonspotensiale*
 - RFF Vestlandet har i 2017 lyse ut midlar innan søknadstypene Regional kvalifiseringsstøtte (forprosjekt), Regionale bedriftsprosjekt/Regionale offentlege prosjekt (hovudprosjekt) og Forskarprosjekt. Det var første gongen at fondet hadde ei større utlysing av midlar retta mot forskingsmiljøa. Fondet har også hatt eit særleg satsing på formidling frå prosjekta med støtte, for å sikre at resultatane frå arbeidet kjem fleire til gode.

Bestillingsbrevet til fondsstyret og styret sin handlingsplan for 2017 er å finna her:
http://www.regionaleforskningsfond.no/prognett-vestlandet/Sentrale_dokument/1253953763287

¹ Kunnskapsdepartementet (KD) 2009b: Utredning om vidare utforming av regionale forskingsfond. Avgitt til Kunnskapsdepartementet 02.06.09..

2 AKTIVITETAR I 2017

2 a Styresamansetning og styret sitt arbeid

Styret for Regionalt forskingsfond Vestlandet er oppnemnt av dei tre fylkeskommunane og staten ved Noregs forskingsråd. Det noverande styre vart oppnemnt etter fylkestingsvalet i 2015, og tok til med arbeidet sitt i 2016. Styret har i 2017 hatt slik samansetning:

Namn	Funksjon i styret	Arbeidsstad/stilling
ROGALAND		
Solveig Ege Tengedal	Styreleiar 2016- 2017 – medlem 2018 - 2019	Fylkesordførar
Sigmund Lunde	Styremedlem	Bedriftsleiar/styreleiar fleire selskap
Marianne Chesak	1. vara	Fylkesvaraordførar
Kjetil M Stuland	2. vara	Technology Venture AS - partner
HORDALAND		
Anne Gine Hestetun	Nestleiar i styret	Fylkesordførar
Ole Hope	Styremedlem	Bergensklubben, administrerande direktør
Pål Kårbø	1. vara	Fylkesvaraordførar
Astrid Toft	2. vara	KS Hordaland, dagleg leiar
SOGN OG FJORDANE		
Jenny Følling	Styremedlem – leiar 2018 - 2019	Fylkesordførar
Steinar Dvergsdal	Styremedlem	Gardbrukar. Diverse styreverv landbruk/mat /reiseliv
Åshild Kjelsnes	1. vara	Fylkesvaraordførar
Stein Joar Hegland	2. vara	Høgskulen i Sogn og Fjordane, dekan/forskar
STATEN		
Anne Siri Høiland	Styremedlem	TINE Spesialprodukt, direktør
Asle Lygre	Styremedlem	Idevekst Energi as, partner
Ragnar Tveterås	1. vara	Universitetet i Stavanger, professor/leiar Senter for innovasjonsforskning
Merete Lunde	2. vara	Vestlandsforskning, direktør
Dag Lothe	Observatør	Noregs forskingsråd, regionansvarleg Sogn og Fjordane

Tabell 1: Oversikt over styret sine medlemmer

Styret har i 2017 hatt fire møte:

- 24 januar i Bergen.
 - o Saker til behandling
 - Statsbudsjettet 2017 – konsekvens av uventa kutt
 - Orienteringssaker til styret
 - Innkomne søknader om støtte til regionale bedriftsprosjekt og regionale offentlege prosjekt
 - Innkomne søknader om regional kvalifiseringsstøtte
 - Opplegg for årsrapportering 2016
 - Årskonferanse 2017 og om konferanse på Vestlandet i 2018

- 30. mai i Sandefjord
 - o Møtet var organisert i samband med årskonferansen for Regionale forskingsfond
 - o Saker til behandling:
 - Brev til Kunnskapsdepartementet om revidert nasjonalbudsjett
 - Behandling av årsrapport og informasjon om nye kontraktar
 - Økonomi – status prosjektportefølje og disponible midlar
 - Refleksjonar rundt årskonferansen
 - Orientering om administrative vedtak om regional kvalifiseringsstøtte
 - Opplegg for handtering av utsette prosjekt
 - Innkomne søknader om regional kvalifiseringsstøtte
 - Innkomne søknader om regionale bedriftsprosjekt, regionale offentlege prosjekt og regionalt forskarprosjekt
 - Prosjekt for å styrke forskarformidlinga
 - Årskonferanse 2018 på Vestlandet

- 26. september i Stavanger.
 - o Før saksbehandlinga fekk styret presentasjon frå selskapet Alginor AS i Haugesund, som tidligare gjennomførte kvalifiseringsprosjekt og som no er i gong med eit hovudprosjekt med støtte frå RFF Vestlandet.
 - o Styresaker til behandling var mellom anna
 - Brev frå Kunnskapsdepartementet til dei regionale fonda med tilbakemelding på ønske om styrking av budsjett for 2018.
 - Økonomi – status og disponible midlar
 - Innkomne søknader om regional kvalifiseringsstøtte
 - Resultat av spørjeundersøking om ordninga med kvalifiseringsstøtte
 - Handlingsplan 2018 – 2019, innleiande drøfting
 - Årskonferanse 2018
 - Møteplan 2018

- 14 desember i Bergen
 - o Saker til behandling:
 - Orienteringssaker
 - Årskonferanse 2018
 - Økonomi - status og disponible midlar
 - Presentasjon av forskarprosjektet «Drivers og regional economic restructuring» - ved prosjektleiar Stig Erik Jakobsen (HVL).
 - Handlingsplan 2018 – 2019
 - Innkomne søknader om regional kvalifiseringsstøtte

2 b Vertsfylkeskommune og oppgåver i sekretariat for fondet

Etter ein avtale mellom dei tre fylkeskommunane er Hordaland fylkeskommune vertsfylkeskommune. Hordaland fylkeskommune har dermed det formelle rapporteringsansvaret ovanfor Kunnskapsdepartementet, og forvaltar dei tildelte fondsmidlane etter dei retningslinene som departementet har gitt.

Sekretariatet har stillingsressursar i alle dei tre fylkeskommunane. I 2016 har bemanninga vore slik:

- **Hordaland**
Jone Engelsvold, 75 % stilling, sekretariatsleiar. 25 % av dette dekkja av Hordaland fylkeskommune.
Randi Lotsberg, 75 % stilling, seniorrådgivar. 25 % av dette dekkja av Hordaland fylkeskommune.
Rajwinder Kaur Daphu, 100 % stilling, prosjektøkonom/Controller
- **Sogn og Fjordane**
Arne Monrad Johnsen, seniorrådgivar, 80 % stilling
- **Rogaland**
Turi Kvame Lorentzen, rådgivar, 40 % stilling

Sekretariatet førebur styret sitt arbeid. Sekretariatet har i 2017 også hatt ansvar for oppgåver som:

Utlysingar

Sekretariatet publiserer utlysingstekst i Forskningsrådet sitt system eSøknads, og ser til at alle vurderingskriterium er riktige i behandlingsverktøyet eVurdering. I 2017 har det vore utlysing av hovudprosjekt i februar, samt løpande utlysing av regional kvalifiseringsstøtte med behandlingsfrist til kvart styremøte.

Mottak av søknader

Sekretariatet får alle søknader inn i eVurdering, som Forskningsrådet administrerer. Sidan vert alle søknader arkivert i Hordaland fylkeskommune sitt arkivsystem ePhorte. Alle søknader med tilsegn vert seinare ført inn i prosjektstyringsverktøyet Regionalforvaltning.

Vurdering av søknader

Alle søknader vert først «forvurdert» - der sekretariatet sjekkar om det manglar obligatoriske vedlegg eller om søknaden har andre formelle feil i høve til utlysinga.

I 2016 vart 46 søknader avvist på formelt grunnlag. Fondet vurderte dette til å vere eit for høgt tal, og sette i 2017 i gong fleire tiltak for å få dette talet redusert. Viktigaste tiltak var truleg ei sjekklister der det tydelegare fram kva formelle krav søkjar måtte ta omsyn til. Vidare vart ein del søkjarar av regional kvalifiseringsstøtte kontakta og oppmoda om å omarbeida og sende inn på nytt dersom det var feil som greitt kunne betrast. Dette arbeidet gav resultat. 10 søknader vart trekt i si første form av søkjar sjølve, og berre 10 søknader vart avvist på formelt grunnlag i 2017.

12 av søknadene som enten vart trekt, avviste eller fekk avslag i første omgang vart sendt inn på nytt. 4 av desse fekk tilsegn om støtte i andre søknadsrunde.

116 søknader kom vidare til fagleg vurdering, med slik prosedyre:

- 64 søknader om regional kvalifiseringsstøtte er vurdert i regionalt fagpanel, der sekretariatet organiserer 2-3 personar med fag- og forskingsbakgrunn som vurderingskomite. Dei fleste møta er gjennomført som telefonkonferanse.
- 52 større søknader er vurdert av nasjonale fagpanel, organisert av Forskningsrådet i Oslo. Sekretariatet følgjer vurderinga som observatør.
- Etter fagpanel går sekretariatet i RFF Vestlandet gjennom eit sett med administrative vurderingskriterium, mellom anna kor vidt prosjektet når mål om regional relevans.

Innstilling og vedtak om støtte

Sekretariatet lager innstilling til kvar søknad som er fagleg vurdert og legg dette fram for styret.

Tilsegn og kontrakt med prosjekt

Alle søknader får svarbrev med grunngjeving for vedtaket. Søknader som har vore i fagpanel får referert karaktervurderinga og ein tekst som peiker på sterke og svake sider ved søknaden. Tilsegn om støtte til hovudprosjekt vert følgt opp med kontraktmøte og i mange tilfelle ein prosess med justering før kontrakt og samarbeidsavtalar er signert og klar. Sekretariatet bruker mykje tid på å avklare formelle reglar knytt til bedriftsretta statsstøtte, der praksis frå 2016 har vorte vesentleg skjerpa.

Rapportering og økonomioppfølging av prosjekt

Alle hovudprosjekt med støtte skal rapportere framdrift og regnskap ein gong i året.

Gjennom 2017 har det vore 63 aktive hovudprosjekt (innovasjonsprosjekt) som skal rapportere aktivitet og økonomi. 16 av desse avslutta arbeidet i 2017, medan 47 rapporterer undervegs. All rapportert statistikk på prosjektnivå er henta frå desse rapportane.

Rapportering krev mykje arbeid i sekretariatet. Aktivitetsrapport skjer innan 20. januar og økonomirapporteringa skjer innan 1. mars. Det er ofte behov for mykje kontakt med prosjekta for å justere forbetre rapporten før godkjenning og utbetaling. Først seint 2017 var nær all økonomirapportering for 2016 godkjent som grunnlag for utbetaling frå fondet.

2 c Informasjonsaktivitetar/formidling

Fondet har eigen kommunikasjonsstrategi. Målet i strategien er «*Næringsliv, forskingsinstitusjonar og offentleg sektor på Vestlandet skal ha god kjennskap til og oppfatte fondet som ein viktig pådrivar for forskingsdriven innovasjon i regionen.*»

Informasjonsarbeidet er gjennomført i eit samarbeide mellom sekretariatet sine medlemmer og Øystein Rygg Haanæs, som er forskingsjournalist og som har hatt kontrakt med fondet etter reglar for offentleg innkjøp. Dei fylkeskommunale informasjonsavdelingane har dessutan delteke, særleg i samband med publisering på deira eigne heimesider.

Nærare om prioriteringar innan informasjonsarbeidet er å finna i avsnittet om resultatmål.

2 d Tiltak for å nå spesielle grupper – mobilisering til forskning

Viktigaste tiltak for å mobilisere nye grupper til å søkje forskingsmidlar har vore fylkesvise informasjonsmøte og søkjarkurs (prosjektverkstad).

Det er samarbeide med regionansvarleg i Forskringsrådet om denne mobiliseringsaktiviteten. I Hordaland og Rogaland har ein i 2017 nytta ein tilpassa modell av Forskringsrådet sitt opplegg for prosjektverkstader. Det har og vore lagt vekt på å informere om andre ordningar i Forskringsrådet, Skattefunn og Horisont 2020. I tillegg har det vore mange individuelle møte, særleg med få bedrifter som jobba med søknader. Det har vore stor trong for hjelp kring statsstøtteproblematikk.

Det har vore slike informasjonsmøte/prosjektverkstad i 2017.

Rogaland:

Stavanger	9. januar	30 deltakarar – open prosjektverkstad
Stavanger	28. mars	56 deltakarar – i regi av Smart Care Cluster/RFF samarbeide

Haugesund	29. mars	124 deltakarar – Forskingsrådet ansvarleg/RFF samarbeide
Stavanger	7 september	15 deltakarar - informasjonsmøte for kommunar
Stavanger	30. august	15 deltakarar – Tema folkehelse/offentleg sektor
Stavanger,	5. oktober	23 deltakarar - Prosjektverksted kommunal sektor
Stavanger	14.november	47 deltakarar – ope prosjektverkstad

Hordaland

Bergen,	12. januar -	23 deltakarar - open prosjektverkstad
Bergen	20 juni	13 deltakarar – for kommunar
Bergen,	6. september	31 deltakarar – open prosjektverkstad
Fjell/Straume	18. desember	20 deltakarar – ope informasjonsmøte – samarbeide med Forregion

I Hordaland vart det i tillegg arrangert Forskings- og innovasjonsverkstad for kommunar 31. oktober i samarbeid med KS Hordaland og Høgskulen på Vestlandet. Tema var «Folkehelse». ca. 30 deltok.

I tillegg er det både i Rogaland og Hordaland vore mykje mobiliseringsarbeide gjennom Forregion programmet (VRI + Mobiforsk).

Sogn og Fjordane

I Sogn og Fjordane har mobiliseringsaktiviteten i alle hovudsak vore identisk med aktiviteten i Forregion/VRI 4. Det viste seg at det var svært mange bransjevise og andre møte i fylket, og at fleire møte kunne skapa unødige konkurranse om bedriftene. Det var derfor satsa på å profilera seg på andre sine arrangement, gjennom stand, flygeblad og små innlegg. Nokre hovudaktivitetar var:

DATO	MØTE ELLER AKTIVITET
31.05	Regionalt EU-nettverk Sogn og Fjordane inviterte til prosjektverkstad om IT og beredskap (helse, tryggleik, klimaomstilling og energi). VF og IN med frå VRI4 arbeidsgruppa.
30.06	Årsmøte i forum for fornybar energi Sandane, KM Energi
06.09	Seminar Maritimt Forum Florø, tema FoU. KM sjømat og PL
08.09	Seminar Måløy. Sjømatnæringar. KM sjømat
13.09	Marine Energy Conference Florø 13-14.9. KM energi
29.09	Seminar Kraft i Vest, Sandane. KM energi
24.10	Treseminar om bruk av tre i bygg, Norsk Bygdesag Loen. KM Energi + PL
26.10	H2020 prosjektverkstad i regi av EU-nett SF. Heile arbeidsgruppa til stades. Innlegg ved VF og IN og KM Energi. Regionansvarleg og VRI4 PL til stades. VRI4 hadde invitert med bedrift.
01.11	Reiselivskonferanse, Sogndal. KM reiseliv

Mange nye bedrifter

RFF Vestlandet har undersøkt om søkjarane også nyttar andre ordningar, eller om dei møter RFF som første/einaste kontakt når dei skal utvikle og søke om støtte til forskingsprosjekt. Det er sett bort frå Skattefunn og Forregion/VRI, som er tilbod med ofte lågare terskel. Mange nyttar særleg Skattefunn.

Av 32 bedrifter med støtte frå RFF Vestlandet i 2017 har 14 aldri søkt eller delteke i ein FoU søknad til Forskingsrådet. Ytterlegare 6 av dei 32 bedriftene som søkte NFR fekk avslag, og har dermed aldri vore involvert i eit Forskingsråd støtta prosjekt. Dette betyr at:

- **44 % av bedrifter med tilsegn frå RFF Vestlandet i 2017 har aldri søkt NFR (utanom Skattefunn og Forregion)**
- **62 % av bedrifter med tilsegn frå RFF Vestlandet i 2017 har aldri vore involvert i eit NFR prosjekt (utanom Skattefunn og Forregion)**

Kommunane med tilsegn frå RFF Vestlandet har stort sett tidligare vore involvert i FoU prosjekt.

3 UTLYSINGAR OG TILDELINGAR

I 2017 har fondet lyst ut midlar til regional kvalifiseringsstøtte, regionale bedriftsprosjekt, regionale offentlege prosjekt og regionale forskarprosjekt.

3 a Utlysing av midlar til kvalifiseringsstøtte – vidareført satsing på å bidra til omstilling i nærings- og arbeidsliv

RFF Vestlandet vurderte det også i 2017 slik at regional kvalifiseringsstøtte er eit særleg godt egna grep til raskt å kome til hjelp for naudsynt arbeide med omstilling i arbeids- og næringsliv. Den ekstra løyvinga på omlag 5 millionar kroner frå Stortinget i årsbudsjettet gjorde fondet i stand til å halde ei relativt høgt budsjett for regional kvalifiseringsstøtte på 15 millionar.

Utlysingstema

- a) Nye berekraftige og klimavenlege innovasjonar basert på teknologi og kompetanse innan hav- og energinæringane.
- b) Berekraftig matproduksjon og bioøkonomi
- c) Innovasjon og verdiskaping for kommunal sektor

Regional kvalifiseringsstøtte utan søknadsfrist - men med dato for styrebehandling

I 2017 vart ordninga vidareført med ein modell der søknader vert lagt fram for styret 4 gonger i året. Det har vore ope mottak av søknader heile året, men for den praktiske handteringa vart det sett opp datoar for når ein søknad måtte vere inne for å nå neste styrebehandling.

Høg tilskotsramme for å bidra til omstilling

Praksis med generell opning for søknad om inntil kr. 500 000 i regional kvalifiseringsstøtte vart vidareført frå 2016. Den særskilte ordninga med at prosjekt i nokre tilfelle kunne søkje om inntil kr. 800 000,- i støtte vart derimot ikkje vidareført i 2017.

3 b Mange gode søknader om regional kvalifiseringsstøtte også i 2017

Oversyn over innkomne søknader i 2017

I alt er det motteke 81 søknader om regional kvalifiseringsstøtte i 2017.

Talet inkluderer 10 søknader som vart trekt og 7 søknader som vart avviste grunna formelle feil. 12 av dei 81 søknadene er omarbeide prosjektforslag levert for andre gong. Talet på unike prosjektidear er derfor 69.

Dei 81 søknadene fordeler seg slik gjennom året 2017:

Søknader med tilsegn om støtte:	35
Søknader med avslag:	29
Søknader med formelle feil/trekt	17
Samla	81

Tabell 2 : Mottekte søknader om kvalifiseringsstøtte

Nærare om dei vurderte søknadene

Av 64 søknadene utan formelle feil har 55 % fått tilsegn om støtte. Det er likt i 2016, og er bra utteljing. Dei 35 søknadene med støtte fordeler seg slik geografisk:

- Prosjektansvarleg i Rogaland: 14 søknader med støtte
- Prosjektansvarleg i Hordaland: 13 søknader med støtte
- Prosjektansvarleg i Sogn og Fjordane 8 søknader med støtte

Fordelinga mellom avsendaradresse/fylke varierer gjerne over åra. I 2017 har både Rogaland og Sogn og Fjordane hatt ei relativt høgare utteljing enn t.d. i 2016.

Prosj.nr.	Fylke	Prosj.tittel	Prosj.ansv.	Karakter	Tilsegn inntil
283185	R	Utvikling og optimalisering av spylekrybbe for fjerning av begroing på notringer i oppdrattsanlegg	Bravo Marine AS	5	500
283178	R	Oral helse for innsatte i fengsel	Tannhelse Rogaland FKF	5	500
283177	SF	Test av metoder for bekjemping av lakselus med badebehandling i ferskvann tilsatt klor og i oppsaltet sjøvann.	SVANØY HAVBRUK AS	5	500
283163	H	Sykehjemsbeboere i et forløpsperspektiv: Vestnorsk helsetjenesteforskning som grunnlag for innovasjon og omstilling i offentlig sektor	BERGEN KOMMUNE BYRÅDSA VDELING FOR HELSE OG OMSORG	6	500
283162	R	Spring-levered Ocean Power Generator (OPC-GEN)	BLUEOCEANTEC AS	5	500
283160	R	IKART - en ny rehabiliteringsmodell. Hvordan kan vi måle resultat?	Stavanger kommune, Helse og velferd	5	500
283159	SF	Klimavennlig asfaltproduksjon fra fjernvarme	FØRDEFJORDEN ENERGI AS	5	450
283158	SF	Optimalisering av nedstrømsprosessen for tilgjengeliggjøring av bioaktive komponenter fra en mikroalge	FJORDALG AS	5	270
283155	H	Teknologiutvikling for sikker heving av vrak med miljøgifter-fase 1	UniTech Offshore AS	6	500
283154	R	CO2-injection for pressure support	GEOMECH HOLDING AS	5	500
283153	SF	Mekanisk og enzymatisk rensing av ørretrogn til konsum.	SKAAR NORWAY AS	5	500
283150		Arctic Tenderizer: a better way to tenderize meat for human consumption	NJORTH BIO BOOST AS	5	500
283135	R	Utvikling av rask og sensitiv metode for å bestemme mengder og sammensetning av mikroplast i drikkevann	IVAR IKS	5	100
282864	R	Reduserte tap av rododendron i grøntanlegg: Identifisering av rododendron resistente mot Phytophthora ramorum og andre Phytophthora spp.	Sandnes kommune, park, idrett og vei	6	500

277274	H	Dynamic Control of Airborne Wind Turbines	KITEMILL AS	5	500
277270	SF	Nærbutikken som arena for kommunale tenester?	FJALER KOMMUNE	5	280
277264	H	Utvikling av kartleggingsmetoder og estimat for oppryddingskostnader for makroplast i strandsonen	FJELL KOMMUNE	5	500
277231	H	Uniforme rettkjedete karbon-nanofiber fra utslipsgass	Bergen Carbon Solutions	5	300
277225	R	SmartFunnel: Ultimate Automated and Low-Cost Solution for Sea Lice Counting	Fishency Innovation AS	6	500
277224	H	Den nye fjellturisten: Strategiar og tiltak for å skape trygg åtferd	Odda kommune	5	500
277220	H	Redusere risiko ved omsetning og inntak av skjell som følge av algegifter og virus	SCALPRO AS	5	500
277219	H	Reduksjon av acrylamid i pommes frites	Zeracryl AS	6	500
277218	H	DingoX - Full digitalisering av ski for skredvarsel	THINK OUTSIDE AS	5	500
277217	H	ELAX; Utvikling av pumpe- og sorteringsteknologi for bærekraftig nødprosessering av laks og ørret	SERVICEBÅT AS	6	500
273122	SF	Effektiv og optimal implementering av hydrogen i hurtigbåttrafikk	Sogn og Fjordane Fylkeskommune	5	472
273121	SF	Organisk materiale i jorda i frukt- og bærhagar - status og endringar gjennom dei siste 30 åra	NORSK LANDBRUKSRÅDGIVING VEST SA	6	280
273120	R	Nitrogenanriking av husdyrgjødsel; effekter på klima, miljø og næringsopptak i regionalt viktige plantekulturer - Et kvalifiseringsprosjekt	N2 Agri AS avd Jæren	5	500
273117	R	HVDC omformer	IKM Elektro AS	5	500
273104	H	CASE - improved separation of small particles	BRI Cleanup	6	337
273102	SF	Nye logistikkøysingar for skog- og trenæringa på Vestlandet	Woodinwest AS	5	500
273101	H	Kvantifisering og karakterisering av avløpsstrømmer fra pelagisk industri - med sikte på verdiskapning, bærekraft ved hjelp av innovasjon.	PELAGIA AS	6	500
273039	R	Mikroplast i næringskjeden - Påvirker mikroplast i jord planter og jordbiologi?	IVAR IKS	6	300
273038	R	Utvikling av miljøstyringsteknologi for produksjons- og	Ryfylke Rensefisk AS	6	500

		sykdomskontroll i oppdrett (SalTec)			
273017	R	Well Integrity Check	EXEDRA AS	5	500
272975	H	Kostnadseffektiv sensortechnologi for deteksjon av lekkasjer i sikkerhetsventiler	Sentec AS	5	486
SUM					15 775

Tabell 3: Prosjekt med tilsegn om Regional kvalifiseringsstøtte

3 c Mottekne søknader om stønad til regionale innovasjonsprosjekt

Regionalt forskningsfond Vestlandet hadde utlysning av stønad til regionale bedriftsprosjekt og regionale offentlege prosjekt (hovudprosjekt) med frist 15. februar 2017.

Søknadsmengde og forhold til utlysinga

Det kom inn 51 søknader til fristen.

36 av søknadene var bedriftssøknader – regionale bedriftsprosjekt
15 av søknadene kom frå ein kommune - regionale offentlege prosjekt

Bedriftssøknadene fordelte seg med 23 knytt til utlysingstema BÆREKRAFTIG MATPRODUKSJON OG BIOØKONOMI. Tematisk er dette eit svært ope utlysingsfelt. Søknadene delte seg då også ganske godt. Som tidligare år var det relativt mange søknader knytt til akvakultur; teknologi, fiskefor og sjukdom, men denne tematikken var ikkje så dominerande som ved fleire tidligare høve. Det var også mange søknader knytt til landbruksproduksjon, og meir bransjekryssande tema med utgangspunkt i ulike bioøkonomiske råstoff.

13 søknader frå bedrifter var innan utlysingstema NYE BEREKRAFTIGE OG KLIMAVENLEGE INNOVASJONAR BASERT PÅ TEKNOLOGI OG KOMPETANSE INNAN HAV- OG ENERGINÆRINGAR. Dette utlysingstemaet er også vidt.

Langt færre formelle feil i søknadene

Berre 3 av dei 51 søknadene hadde formelle feil. Det er ein kraftig reduksjon frå i 2016, då 16 av 64 søknader hadde formelle feil.

Reduksjonen av formelle feil skuldast truleg revisjon av utlysingstekst og introduksjon av ei sjekklister. Her vart det lista tydeleg alle krav. Vidare vart det poengtert formalkrav i alle samtaler med søkjarar og informasjon på heimesida. Reduksjonen av formelle feil har vore til stor glede for dei som har arbeidd med fondet.

Søknadsbeløp og fordeling av søknader på fylke

Dei 48 søknadene utan formelle feil søkte samla om kr. 124 701 000, og fordelte seg slik på avsendaradresse:

Søknader frå Hordaland	21
Søknader frå Rogaland	16
Søknader frå Sogn og Fjordane	11
Sum søknader til vurdering	48

Tabell 4: Fordeling av hovudsøknader på avsendar sitt fylke

3 d Støtte til regionale bedriftsprosjekt og regionale offentlege prosjekt

Søk nr	Fylke	Søknadstittel	Søkjar	Karakter	Tilsegn inntil (x 1000)
272117	R	Fotosyntesemålinger som redskap for å øke produktiviteten i veksthus	Wiig Gartneri AS	6	2800
	R	Fjorlam, eit supplement til tradisjonelle haustlam for Fatlandskonsernet?	Fatland AS	5	3000
271905	H	Dokumentere virkning av nye tilsetninger i laksefôr, med fokus på lus og robust fisk.	ALLER AQUA NORWAY AS	6	3000
271901	R	Alginor`s Ocean Refining Total Utilizing Technology (AORTA)	ALGINOR ASA	5	3000

272112	R	Karakterisering av bergsprekker ved bruk av WELL ID impulsradar	WELL ID AS	6	3000
272039	H	Forbedret grunnundersøkelse - Høyfrekvent seismikk for grunnundersøkelser i bygg- og anleggsbransjen	GEOCORE AS	5	1000
271915	R	Bølgemåling for sikrere operasjoner i offshore vindparker	AUTOMASJON OG DATA AS	7	3000

272062	R	Kommunalt ettervern på Jæren bygget på effekt- og designstudier	KLEPP KOMMUNE	6	3000
272035	SF	IKT-støttet verktøy for nettverksbygging, læring og kommunikasjon for pårørende	Førde kommune	5	3000
271963	H	Risikokommunikasjon av usynlige farer i norske kommuner	FJELL KOMMUNE	6	2000

SUM					26 800
-----	--	--	--	--	---------------

Tabel 5: 10 søknader med vedtatt støtte til Regionale bedriftsprosjekt (RB) og Regionale offentlege prosjekt (RO) i 2017 - med informasjon om prosjektansvarleg si adresse, støttebeløp og hovudkarakter i fagpanel.

3 e Utlysning av regionalt forskarprosjekt

For første gong hadde RFF Vestlandet i 2017 eiga utlysning av større søknader om forskarprosjekt. Bakgrunnen er eit ønske om betre å forstå drivkreftene i utviklinga av landsdelen vår. Vestlandet står ovanfor store utfordringar med omsyn til å omstille og fornye næringsliv og offentlig sektor. Ein treffsikker politikk for regional omstilling føreset kunnskap om drivkreftene og mekanismane som hemmar og fremjar slik omstilling.

Som det regionale instrumentet for å finansiere ny kunnskap gjennom forskning, har RFF Vestlandet eit særleg potensial for å bidra til den forståing som må til for utvikling av ein god regional politikk på området. RFF Vestlandet sette frist for søknad til 15. februar, og fekk 4 søknader.

Prosj.nr.	Prosjekt tittel	Prosjekt ansvarleg	Prosj.leiar	Søkt
272089	Delingsøkonomi, digitalisering og regional omstilling på Vestlandet: En analyse av besøkssektoren verdiskaping og regional næringsutvikling	Samfunns- og næringslivsforskning AS	Iversen, Nina Marianne	5000
272082	Betingelser for omstilling: Endringskapasitet og endringsledelse	Samfunns- og næringslivsforskning AS	Nesheim, Torstein	2700
272057	Social media, Collaborative Consumption and business transformation in Western Norway - A strategic pathway to the future	Høgskulen på Vestlandet	Nath, Atanu	1500
272054	Drivers of regional economic restructuring: Actors, institutions and policy	Høgskulen på Vestlandet	Jakobsen, Stig-Erik	5000

Tabell 6: Mottekne søknader om støtte til Regionalt forskarprosjekt

Støtte til eit prosjekt

5 millionar kroner vart gitt i støtte til prosjekt 272054 *Drivers of regional economic restructuring: Actors, institutions and policy* frå Høgskulen på Vestlandet – i eit samarbeide med UiS og Iris.

Prosjektet fekk hovudkarakter 6, og i vurderinga vart det lagt vekt på følgjande:

Fagvurdering i regi av Forskingsrådet

«Prosjektet er vitenskapelig ambisiøst samtidig som det søker å svare på spørsmål som er viktige for at næringslivet på Vestlandet kan møte de utfordringer en står overfor. Prosjektet ligger tett opptil forskningsfronten innen fagfeltene innovasjonsstudier regional utvikling og økonomisk geografi. Det er dokumentert kjennskap til forskningsfronten. En søknad på høyt nivå både nasjonalt og internasjonalt. Som søknad til RFF er det et fremragende prosjekt.

Prosjektet har omfattande ambisjon om vitenskapelig publisering. Teamet arbeider i forskningsfronten. Prosjektet vil som egen arbeidspakke å etablere ei referansegruppe for å tilby ein arena for læring og dialog om de aktuelle problemstillingane. I referansegruppa vil det vere invitert representantar for fylkeskommunane, TTO kontora samt klyngeorganisasjonane. Det er etablert kontakt med aktørane om dette i søknadsprosessen. Det er også ønskeleg å etablere direkte kontakt med RFF Vestlandet i arbeidet.»

Styret for RFF Vestlandet la vidare vekt på at prosjektet tek mål av seg å forstå kompleksiteten i regional omstilling. Vidare at søknaden er forankra i sentrale fagmiljø både i Rogaland og i Hordaland som lenge har arbeidd med regionale utviklingsspørsmål. Søknaden bygg på mykje tidligare forskning innan feltet, men vil tilføre nye perspektiv ved å ta inn eit sterkare fokus på aktørar, institusjonar og policyutforming.

3 f Tildelingar i sum:

Summert er det gitt slik fordeling av tildelingane i 2017 (x 1000):

Søknadstype	Tildelt 2017
Regionale bedriftsprosjekt	18 800

Regionale offentlege prosjekt	8 000
Regional kvalifiseringsstøtte	15 775
Regionalt forskingsprosjekt	5 000
SUM	47 575

Tabell 7: Samla tildeling etter søknadstype i 2017

Som det går fram i den økonomiske rapporten (under) er tildelingane høgare enn løyvinga frå Kunnskapsdepartementet i 2017. Dette skuldast i all hovudsak tilbakeførte midlar frå prosjekt som er avslutta med lågare forbruk og følgjeleg avkorta tilskot. Nokre midlar vart også overført frå 2016 til 2017.

4 ØKONOMISK RAPPORT

4 a Løyvinga frå Kunnskapsdepartementet og anna finansiering

Løyving frå Kunnskapsdepartementet

RFF Vestlandet si tildeling frå Kunnskapsdepartementet utgjorde kr 39 324 000. Av desse midlane er kr. 5 038 000 ei eingongsløyving til Regionalt forskingsfond Vestlandet for å bidra til ytterligare omstilling i arbeids- og næringslivet.

Forskotering og renter

Styret for RFF Vestlandet etablerte i 2014 ein praksis med ei årleg forskotering av framtidig løyving frå Kunnskapsdepartementet. Praksisen skulle etter planen vare i tre år. Målsetnaden var å få «pengane i arbeid», det vil seie ut i kommunar og bedrifter. Det meste av utbetalingar skjer på etterskot. Før eit tilsegn kjem til sluttutbetaling vil det for dei større prosjekta gå fleire år. Når ein tildeler heile prosjekttilskotet frå eit budsjettår, vert det oppsamling av midlar på fondet sin konto. Med forskoteringa har fondet ønskt å få større balanse mellom tildelingar og faktisk bruk av midlar. Praksis med forskotering vart ikkje vidareført i 2017.

4 b Rekneskap 2017 og disponibelt i 2018

Resultatregnskap 2017

Resultat og balanse for Regionalt forskingsfond Vestlandet vert vist i tabell nedanfor.

Inntekter (kr.)	
Løyving frå Kunnskapsdepartementet	39 324 000
Renteinntekt	1 392 416
Sum inntekter	40 716 416
Utgifter (kr.)	
Stillingsressurs Sogn og Fjordane	680 000
Stillingsressurs Rogaland	330 000
Stillingsressurs Hordaland	1 522 366
Styre reiseutgifter, møtehonorar/ møtekostnad	179 821
Driftskostnader	3 590
Tenester/informasjon	79 200
Sekretariatet reiseutgifter	125 876
Utgifter regional fagpanel	129 583
Oppfølging søkjarar	25 711
Sum Administrasjon og styre	3 076 147
Utbetalt stønad til forskingsprosjekt	54 468 264
SUM utgifter (kr)	57 544 416

Tabell 8: Resultatrekneskap 2017

Merknad: Fondet har i 2017 fått fleire midlar ut til prosjekta enn tidligare år.

Nærare om administrasjons- og styringskostnader

Regionalt forskingsfond Vestlandet rekneskapsførte i 2017 kr. 3 072 668 til administrasjon og styrearbeidet. Samla kostnader til styre og administrasjon utgjer 7,8 % % av løyvinga frå Kunnskapsdepartementet og er med det innan ramma departementet har fastsett med omlag 7 % av løyvinga til slike utgifter.

Balanserekneskap 2017

A	Sum eigendelar 01.01)	100 874 775
B	Inntekter, som er løyving + renter	40 716 416
C	Kostnader, som er adm/styre + prosjekt	57 540 932
D	Sum eigendelar 31.12	84 046 780
E	Forskotterte framtidige løyving frå KD i 2014, 2015 og 2016	36 000 000
F	Sum eigendelar 31.12. og forskottert løyving frå KD	120 046 780
G	Bundne/disponerte midlar til prosjekt	121 075 889
H	Disponert ut over ramme	-1 029 109

Noter:

A og D	Utskrift VISMA – fylkeskommunen sitt økonomisystem
B-C	For detaljar, sjå resultatrekneskap (over)
E	I tråd med styrevedtak
F	D+E = F
G	Er den sum som er disponert og ikkje utbetalt til prosjekt i følgje kontrakt
H	Differanse mellom F og G. Vert saldert ved tilbakeførte midlar frå prosjekt i 2018 og er allereie i januar stilt i ballanse.

Tabell 9: Balanserekneskap 2017

Tilgjengelege og disponerte midlar per 01.01. 2018

SAMLTA TILGJENGELEG MIDLAR		
A	Overføring frå Kunnskapsdepartementet	36 820 000
B	Forventa renter	1 180 000
	Sum	38 000 000
D	SAMLTA DISPONERTE MIDLAR	
	Tilsegn desember 2017 regional kvalifiseringsstøtte – prosjekt med start i 2018	4 820 000
	Disponert ut over ramme til prosjekt i 2017	1 029 109
	Disponert til ny utlysing av regional kvalifiseringsstøtte	6 150 891
	Utlysing til hovudprosjekt – frist februar 2017	23 092 000
E	Administrasjon og styre	2 908 000
	SUM	38 000 000

NOTER:

- A** Henta frå tildelingsbrevet frå Kunnskapsdepartementet datert 21. januar 2018.
- B** Renteinntekta var 1 392 416 i 2017, og er venta noko lågare i 2018.
- D** Fastsett i Handlingsplan 2017 og noko justert i tråd med årsoppgjer 2017.
- E** Fastsett av Fylkesrådmannen i Hordaland i samråd med Rogaland og Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Tabell 11: Tilgjengelege og disponerte midlar i 2018

5 RESULTATRAPPORTERING FRÅ PROSJEKTA

5 a Indikatorar med omsyn til tildeling

Sektorvis fordeling av tilsegn

Fondet har arbeidd mykje med å få fram gode søknader frå kommunar, og har i stor grad lukkast med dette. Samla sett er fordelinga mellom næringsliv og offentleg sektor likevel framleis slik at den langt største delen av tilskotta går til bedrifter som arbeider med forskingsbasert innovasjon på Vestlandet. Tabellane under gir fleire detaljar om kostnadsstad og kategori søkjargruppe med tilsegn.

TILSEGN FORDELT PÅ SEKTOR

Sektor	kvalifiseringsprosjekt	hovudprosjekt	sum prosjekt
Næring	25	7	32
Offentleg sektor	10	3	13
Instituttsektoren			
UiH sektoren		1	1
Samla	35	11	46

Tabell 12 : Tabellen viser tal kvalifiseringsprosjekt og hovudprosjekt fordelt på fire søkjarkategoriar (godkjent prosjektansvarleg).

Fordeling av støtte på sektor

Fordeling av sum støtte fordelt på sektor er om lag som i 2016, med over 60 % av støtta til bedrifter/næring. Støtte til offentleg sektor er litt ned, frå 31 % i 2016. Støtta på 10 % til UH sektoren skuldast det eine forskarprosjektet som vart tildelt.

SUM STØTTE FORDELT PÅ SEKTOR (x 1000)

Sektor	kvalifiseringsprosjekt	hovudprosjekt	Sum	%
Næring	11 623	18 800	30 423	64 %
Offentleg sektor	4 152	8 000	12 152	26 %
Instituttsektoren				
UiH sektoren		5000	5000	10 %
Samla	15 775	31 800	47 575	100 %

Tabell 13 : Fordeling av midlar til sektor og type prosjekt.

Kjønnsfordeling prosjektleiarane

Talet på kvinnelege prosjektleiarar har samla gått ned frå 34 % i 2016 til 26 % i 2017. Det er flest kvinnelege prosjektleiarar i prosjekt som rettar seg inn mot kommunal sektor. Det er slik ein samanheng mellom prosentvis reduksjon i talet på kvinnelege prosjektleiarar og reduksjon i talet på tilsegn til prosjekt innan det offentlege forskingsfeltet.

KJØNNSFORDELING PROSJEKLEIARAR 2017				
	Kvinner	Menn	Sum	Kvinnedel
Hovudprosjekt	4	7	11	36 %
Kvalifiseringsprosjekt	8	27	35	23 %
Totalt	12	34	46	26 %

Tabell 14 : Fordeling mellom kvinner og menn i rolla som prosjektleiar – nye tilsegn 2017

5 b Status for avslutning av prosjekt

Det er i 2017 arbeidd mykje med å følge opp prosjekt som har vore forseinka. Talet på «gamle» prosjekt er vesentleg redusert sidan 2016. Ved inngang til 2018 er det fokus på prosjekt med tilsegn i 2014, som for fleire gjerne først starta opp først i 2015. Status elles ved utgangen av 2017 er slik:

Status for hovudprosjekta med utgangspunkt i tilsegnår:

- 2010 - 2011: Alle prosjekt er avslutta.
- 2012 – 2013: Framleis 3 prosjekt som etter utsett frist ikkje har avslutta. 2 av desse er i prosess med å avslutte, medan eit prosjekt har frist i august 2018.
- 2014: Av 20 tilsegn er 5 avslutta. 3 var i ferd med å avslutte ved årsskifte. Dei andre har hovudsakleg planlagt avslutning i 2018.
- 2015: Av 11 prosjekt er 1 avslutta.
- 2016 – 2017: Ingen prosjekt frå denne perioden er avslutta.

Status for kvalifiseringsprosjekta:

Alle kvalifiseringsprosjekt med tilsegn før 2015 er avslutta eller kansellert.

- 2016: 6 prosjekt er ikkje avslutta. 3 av desse skule vore avslutta, medan 3 har fått noko utsett frist.
- 2017: Av dei 35 prosjekta frå 2017 er det 3 som har avslutta og 4 til som skule ha rapportert innan årsskiftet. Dei andre skal arbeide framover i 2018.

5 c Resultat rapportert frå prosjekta


RFF Vestlandet har innført SurveyXact som verktøy for resultatrapportering frå prosjekta.

Presentasjonen i dette avsnittet bygger på rapport frå:

- 13 regionale bedriftsprosjekt/regionale offentlege prosjekt som vart avslutta i 2017
- 47 regionale bedriftsprosjekt/regionale offentlege prosjekt som skal halde fram i 2018

Resultat i høve mål ved prosjektavslutning


Dei avslutta prosjekta frå 2017 rapporterer at dei i stor grad har nådd måla i dei sette seg



Tabell 15: Avslutta prosjekt i 2017 – resultat i høve mål

Mål og milepølar for pågåande prosjekt

For størsteparten av prosjekta gjeld oppsette mål og delmål også etter ei tid med arbeid. Større endring er det med omsyn til planlagde milepølar. Det er ikkje uvanleg i eit FoU prosjekt at ting må justerast. Då er det gjerne tidsfasar dette går ut over.



Tabell 16: Mål og milepølar for pågåande prosjekt

INNMELDTE RESULTAT FRÅ AKTIVE HOVUDPROSJEKT – heile perioden	Resultat per 31.12 2017
<i>61 rapportar er grunnlag for informasjonen</i>	
Ferdigstilte nye/forbedrede produkter	49
Ferdigstilte nye/forbedrede prosesser.	51
Ferdigstilte nye/forbedrede tjenester,	26
Søkte patenter som følge av prosjektet	8
Inngåtte lisensieringskontrakter	2
Ny virksomhet/ Nye foretak som følge av prosjektet	10
Nye forretningsområder i virksomhet som følge av prosjektet	26
Virksomhet i prosjektet som har innført nye/forbedrede metoder/teknologi	84
Virksomhet utenfor prosjektet som har innført nye/forbedrede metoder/teknologi	18
Virksomhet i prosjektet som har innført nye/forbedrede arbeidsprosesser/forretningsmodeller	78
Rapporter, notater, artikler, foredrag moter/konferanser rettet mot prosjektets målgrupper	310
Populærvitenskaplige publikasjoner (artikler/bøker, debattbøker/-artikler, høringar, utstillinger, skjønnlitteratur etc)	86
Oppslag i massemedia(aviser, radio, TV ..)	117
Antall vitenskaplige og andre faglige publikasjoner -	63
Tabell 17: Resultatindikatorar frå 2017 for alle aktive hovudprosjekt	

5 d Finansiering av prosjekt – egne og andre sine midlar

Det er ønskjeleg å få fram eit betre bilete av kor finansieringa kjem frå. Dette året er det valt å sjå alle prosjektdeltakarane under eit, sidan desse samla står saman om oppgåver og resultat frå arbeidet. Spørsmålet er då om prosjekta løyser ut finansiell medverknad frå aktørar utanfor.

Tabellen viser fordeling av finansiering i 10 regionale bedriftsprosjekt og regionale offentlege prosjekt hovudprosjekt støtta i 2017.

Som det går fram er det liten finansiell medverknad i prosjekta frå andre private aktørar. Det kan hende at slik merdverknad hovudsakleg skjer ved at kapital vert ført til bedriftene i form av aksjekjøp eller anna. Slik kan det hende at prosjekta trekk til seg annan privat finansiering til bedriftene, utan at det kjem til uttrykk i prosjekta.

Det er noko meir bruk av andre offentlege finansieringskjelder i 2017 enn kva var tilfelle i 2016. Det er hovudsakleg ordninga med Skattefunn ein nyttar.

X 1000	Total kostnad	Finansiering prosjektdeltakarane	Anna privat finansiering	RFF Vestlandet	Annan offentlig (Skattefunn)
Bedriftsprosjekt 2017	48 380	24 060	120	18 800	5 400
Kommunale prosjekt 2017	11 301	2729	672	7900	0

Tabell 18: Finansiering av prosjekt. Femner alle hovudprosjekt med tilsegn i 2017; Basert på kontrakt.

5 e Rekruttering til andre virkemidlar

Regionalt forskingsfond Vestlandet arbeider for aktørar på Vestlandet også skal ta bruk andre virkemidlar. Kunnskapsdepartementet har særleg bedt om at fonda skal medverke til auka mengde gode søknader til EU sitt forskings- og innovasjonsprogram Horisont 2020.

Skattefunn

Regionalt forskingsfond Vestlandet har motivert søkjarar frå næringslivet om å vurdere Skattefunn i sine prosjekt. Slik ønskjer fondet å rekruttere bedriftene til å nytte denne ordninga. Søkjarane vert rettleie i ordninga med Skattefunn dersom dei treng dette. Her er Forskingsrådet sine regionale representantar viktige samarbeidspartar.

Bruken av Skattefunn i hovudprosjekt med støtte frå RFF Vestlandet har gått noko opp frå i 2016.

FORREGION

Det er lagt vekt på ei nær kopling mellom Regionale forskingsfond Vestlandet og dei fylkesvise FORREGION prosjekta. Det er innført ein ordning med månadlege Skype/telefonmøte mellom dei tre prosjektleiarane for dei fylkesvise Forregion prosjekta og sekretariatet for RFF Vestlandet, der også dei tre regionansvarlege i Forskingsrådet tek del.

RFF Vestlandet sine prosjektverkstader og det meste av anna mobiliseringsaktivitet skjer dessutan i samarbeide med Forregion prosjekta.

Det elles årleg fellesmøte mellom VRI prosjekta (no Forregion) i dei tre fylka som utgjer fondsregionen på Vestlandet og Regionalt forskingsfond Vestlandet vart ikkje noko av i 2017. Dette hovudsakleg grunna overgangen mellom gammalt og nytt program i Forskingsrådet, der dei fylkesvise aktivitetane først kom i gang utpå hausten. Nytt møte er planlagt i Sogndal i juni 2018.

Mobilisering til Horisont 2020

Regionalt forskingsfond Vestlandet føreset at kvalifiseringsprosjekta som får regional kvalifiseringsstøtte skal føre til seinare forskingsarbeide, ikkje berre støtta av vårt eige fond. Både Forskingsrådet og Horisont 2020 er i mange tilfelle vel så aktuelle ordningar for ei slik vidareføring.

Kunnskapsdepartementet har i tilsegnsbrevet for 2017 bedt dei regionale fonda om å rette ei særleg innsats for å mobilisere til Horisont 2020, og gi rapport om dette arbeidet i årsrapporten.

Regionalt forskingsfond Vestlandet har løyst dette på følgjande måte i 2017:

- Informasjon om Horisont 2020 har vore ein viktig del av mobiliseringsarbeidet på søkjarkurs, prosjektverkstader og i individuelle møte.
- Sekretariatsleiar Jone Engelsen er styremedlem i det Forskingsrådsstøtta nettverksprosjektet Horisont Vest, som mobiliserer inn mot næringsklynger i Hordaland og Rogaland.
- Sekretariatsleiar Jone Engelsen har i rolla som forskingskoordinator i Hordaland fylkeskommune leia det regionale samarbeidet med mobilisering til Horisont 2020 i Hordaland. Dette er mellom anna gjort ved å leie av Mobiliserings- og koordineringsgruppe med deltakarar frå Innovasjon Norge, Forskingsrådet, Universitetet i Bergen, Hordaland fylkeskommune, Høgskulen på Vestlandet, Bergen kommune og Bergen Teknologitviking. Vidare har han vore administrativt ansvarleg for eit konkret mobiliseringsprosjekt med utgangspunkt i dette samarbeidet. Her er det med BTO som prosjektleiar, og i nært samspel med dei andre partane i arbeidet. Prosjektet vart avslutta i 2017, med ei vidareføring i prosjektet «Helpdesk Horisont 2020», under prosjektansvar hos Universitetet i Bergen og med BTO som prosjektleiar. Her kan interesserte aktørar kvar anna veke kan møte folk som kan rettleie potensielle søkjarar. «Helpdesken» har fast tilhald i BTO, Nyskapingsparken, nær der både bedrifter, forskingsmiljø og klyngeorganisasjonane er lokalisert.
- Gjennom samarbeidet i Horisont Vest vert det vurdert tilsvarende aktivitet også i Rogaland.
- 10 av 61 regionale bedrifts- eller regionale offentlege prosjekt som har rapportert i 2017 planlegg ei vidareføring av forskingsarbeidet inn mot Horisont 2020

6 RESULTAT FRÅ OPERATIVE MÅL I HANDLINGSPLAN 2017

Det er i Handlingsplanen lagt opp til å rapportere på følgjande sett med operative mål.

Under følgjer ei første vurdering:

MÅLOMRÅDE	MÅL	VURDERING AV RESULTAT
Finansiering	Starte opp 6-8 nye regionale offentlege og bedriftsprosjekt innan dei tematiske områda for bestillinga	Sjå tidligare avsnitt
	90% av dei løyvdde kvalifiserings-søknadene resulterer i ein søknad til ein relevant ordning.	Spørjeundersøking gjennomført i 2017 viser at ca. 60% søkjer om midlar til vidare forskning. Tala er noko høgare dei siste par åra, trulig grunna auka erfaring med denne type prosjekt i bedrifter og kommunar. Suksessrata til dei som faktisk søkte er derimot høg. 2/3 fekk innvilga støtte på mellom 1-8 mill. kr.
Mobilisering	Årleg gjennomføre kombinerte informasjonsmøte og kurs i	Gjennomført i alle tre fylka. Sjå pkt. 2d Tiltak for å nå spesielle målgrupper

	søknadsskriving, eller tilsvarande tiltak, før større utlysingar, i kvart fylke	
	Årleg arrangere minst eitt prosjektutviklingsverkstad i kvart fylke, i samarbeid med Forskingsrådet og/eller andre aktørar	Gjennomført. I samarbeide med Forskingsrådet i Hordaland og Rogaland. I Sogn og Fjordane har det vore lagt vekt på informasjonsmøte
	Aktivt løfte fram gode eksempel på søknadar, resultat og innovasjonar	Vert arbeidd med kontinuerleg. Sjå avsnitt om kommunikasjonsarbeidet.
	Informere om fondet på relevante møte, kurs og konferansar i dei tre fylka	Sekretariatet deltek på ei rekke møte, kurs og konferansar der det vert informert om fondet.
	Informere om moglegheiter for forskingsfinansiering og kursring i prosjektutvikling og søknadsskriving gjennom fondet si nettside, nyhendebrev og andre kanalar	Gjennomført. Sjå avsnitt om kommunikasjonsarbeidet.
	Samarbeide tett med strategiske samarbeidspartnarar frå virkemiddelapparatet, næringsorganisasjonar, forskingsmiljø og andre offentlege aktørar for å nå ut til fondet sine målgrupper, inkludert kommunar	Gjennomført. Litt ulik innretning på samarbeidet i kvart fylke, men mykje fokus på dette.
Kommunikasjon	Årleg publisere 3 – 6 artiklar om forskingsprosjekt på forskning.no og/eller i andre medium	4 artiklar publisert på www.forskning.no
	Informere om pågåande forskingsprosjekt og resultat på fondet si nettside	RFF Vestlandet har katalog over prosjekt på si heimeside. Artiklar om prosjekta vert lagt til katalogen.
	Sikre at prosjekt som har fått støtte gjennomfører formidlingsplanen i søknaden, inkludert dei ålment retta tiltaka	Delvis gjennomført. Prosjekta må rapportere på dette årleg og ved sluttrapportering, men tidkrevjande å drive detaljert kontroll. Forbetringspotensiale
	Sende ut pressemeldingar og få ut informasjon om tildeling av midlar til nye forskingsprosjekt på fondet si nettside og nettsidene til fylkeskommunane	Gjennomført presseopplegg ved hovudtildelinga i juni (+ i januar for søknader som kom inn hausten 2016.) Melding til alle større media og samarbeide med dei fylkeskommunale info.avdelingane.

<p>Samhandling med andre ordningar</p>	<p>Fondet vil legge vekt på å samordne aktiviteten inn mot andre relaterte finansieringsordningar. Fondet skal særleg koordinere aktiviteten sin inn mot fylkeskommunane sine utviklingsmidlar og Innovasjon Noreg sine støttemidlar. Fondet må til ei kvar tid vurdere sine utlysingar i høve til Noreg forskingsråd sine satsingar og utlysingar, slik at fondet står fram mest mogeleg komplementært til desse.</p>	<p>Godt samarbeide i dei ulike fylka. Fokus på å informere om Skattefunn og relevante program i Forskingsrådet for oppfølging av prosjekt med regional kvalifiseringsstøtte. Kunne vore meir samordning av ordningar i regi av Innovasjon Norge.</p> <p>Forskingsrådet sitt nye program frå 2017 «Forskning og innovasjon i kommunesektoren», har gitt god ny for dialog med KS og andre offentlige aktørar</p>
	<p>Det er særleg aktuelt å samarbeide med dei fylkeskommunale VRI-prosjekta og vidareføring i Forskingsrådet sin «Forskingsbasert innovasjon i regionene» (FORREGION) frå 2017. Her skal fondet søkje felles innsats for å mobilisere bedrifter i regionen til forskning.</p>	<p>Dialog under vegs, men mindre systematisk samarbeid fordi dei fylkeskommunale satsingane har starta opp i 2017.</p>
	<p>Mobilisere bedrifter og offentleg sektor til internasjonalt forskningssamarbeid og særleg deltaking i Horisont 2020. Forskingsfinansieringa vil til ein kvar tid bli vurdert i høve til EU sitt statsstøtteregulverk og internasjonale verktøy som TRL-skalaen som EU nyttar, basert på system og metodar utvikla av Forskingsrådet.</p>	<p>Det er lagt vekt på informasjon om Horisont 2020 i prosjektverkstader og informasjonsmøte. Det har i 2017 vore langt større fokus på EU sitt regelverk for statsstøtte og trinn på TRL skala. RFF Vestlandet finansierer støttegrad opp mot 70 % etter dette regelverket.</p>